

Alver kommune  
Miljø og tilsyn  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Vår referanse: 19039-B03\_2  
Bergen, 29. mars 2021

**ALVER KOMMUNE –TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT.  
FYLINGSNESVEGEN – LITLEVÅGSBROTET. AVLØPSANLEGG.  
GNR. 214 BNR. 2, 114 og 118.  
SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE TIL OSTERFJORDEN.**

På vegne av Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift søker vi med dette om løyve til utslepp av avløpsvatn til Osterfjorden etter «Forskrift om begrensnig av forurensing» (forurensingsforskriften) – kapittel 13 - Krav til utslepp av avløpsvatn frå mindre tettbusetnad. Utslepp er til mindre følsamt området (§13-8).

Utsleppet sin størrelse er 350 pe.

Anlegget vert bygd for avløp frå eksisterande bustader (38 stk), bustader i regulert planområdet Nystøltunet (21 stk), framtidige bustader (27 stk) og ny skule med 60 elevar.

Nytt primærreinsingsanlegg, som prefabrikkert 128m<sup>3</sup> slamavskiljar i plast (GUP) med tre kammer, ønskast bygd under ny parkeringsplass ved Litlevågen friluftsområde, på Gnr/Bnr. 214/2. Alver kommune har inngått avtale med grunneigar om kjøp av parsell av Bnr. 2 ved eigedom Gnr./Bnr. 214/47, langs Fyllingsnesvegen.

Slamavskiljaren skal gi en reinsegrad som tilfredsstillar reinsekrava i § 13-8 a eller b, det vil seie minimum 20 % reduksjon i SS eller maksimalt 100 mg SS/l i utsleppet.

Utsleppsleidning leggjast frå eigedom Gnr/Bnr. 214/14 gjennom Litlevågen til utslepp i sjø i Osterfjorden, sørvest for Storneset. Utslepp på ca. 60m djupne. Ende utsleppsleidning vil bli heva 1,0m over sjøbotn. Lengde på utsleppsleidning i sjø er om lag 750m og avsluttast om lag 60m frå land (Gnr/Bnr. 214/37).

Prøvetakingskum monterast på utløp frå slamavskiljar (kum S4).

Detalj av reinseanlegg kan bli ettersend etter leverandør er valt.

Nytt kommunalt anlegg vil erstatte eksisterande privat utsleppsleidning i Litlevågen.

Det er ingen andre arealplanar for området enn Kommunedelplan Lindås. Området er definert som LNFR-område og det søkjast om dispensasjon frå kommunedelplan for tiltaket.

Etter nabovarsling av tiltaket har vi mottatt merknader frå naboar angående utsleppspunkt i ytre del av friluftsområdet Litlevågen. Naboar langs Litlevågen ynskjer at utslepp blir flytta til sørvest for Storneset (Litlevågsbrotet) og til djupne kote -60,0 moh. Naboar viser til rapport «Vurdering av strømmålingane ved Fyllingsnes og Mundal» av 22. juni 2000, utarbeida av Sunnhordland Havbruksring.

Sør for Litlevågen, i Osterfjorden, har Fyllingsnes Fisk eit oppdrettsanlegg.

Utbygging av anlegget vert utført i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd. Samstundes med avlaupsanlegget skal det byggjast ny parkeringsplass og gangveg fram til sjø for å leggje til rette for meir bruk av Litlevågen friluftsområde.

Det er søkt om rammeløyve til tiltaket med dispensasjon frå kommunedelplan (SNR. 21/569). Rammeløyve kan ikkje bli ferdig sakshandsama før det er gitt utsleppsløyve for anlegget.

Søknad om tiltak i sjø, for legging av ny utsleppsleidning, er sendt til Bergen Hamn. Naboar til tiltaket er varsla. Etter krav frå Alver kommune – Byggesak er nytt nabovarsel send til eigar av Gnr. 214 Bnr. 3, 4, 52, 68, 98 og 105.

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Tegn.nr. GH01A – Vann- og avløpsplan  
Kart sjøleidning  
Kvittering nabovarsel, 2 stk  
Vurdering av mottekne nabomerknader  
Søknadsskjema

Kopi av brev:

Alver kommune, Teknisk forvaltning og drift v/prosjektleder Atle Dingen